

Tim ArveTveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/138 - 18/1921

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

19.01.2018

Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg - gbnr 37/48 Myking

Viser til søknad om utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg Hellebrekkene, for gbnr 37/48, datert 12.01.18.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehald av avkjørsle frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100 og Lindås kommune si vegnorm. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone er satt til 4 x 45 meter.
- Avkjørsle skal være som vist på vedlagt situasjonskart (Nhdigi.no) datert 21.09.2017 merka «Situasjonskart - Avkjørsel til 37/47».
- Eksisterande landbruksavkjørsle **skal fysisk stengast**.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no og i vedlagt rettleiande vegnorm for Lindås kommune

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle berre gjeld tilknytning til kommunal veg. Bygging/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslar frå offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkøyrslar frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket vart motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rettleiande vegnorm 2017 for Lindås Kommune

Kopi til:

Byggesak

Mottakarar:

Tim ArveTveit